

**MØTEPROTOKOLL**

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato** 28.01.2021  
**Møtetid:** Kl. 18:00 - 19:55  
**Møtestad:** Biblioteket på Bjørkheim

---

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

<b>Medlemmer møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Gunn Østvik Petersen	Ap
Jon Magne Bogevik	Ap
Shirin Kvernes Khadoor	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Knut Harald Frøland	Bl
Knut Loneland Høibraaten	Bl
Lena Tveit	Bl
Martin Haugen	Bl
Ove Totland	Bl
Solveig Vassenden	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Linda Haug Kollbotn	Frp
Odd Arne Haga	Frp
Arild Røen	H
Gunn Totland Moss	KrF
Oskar Røen	MDG
Øyvind Strømmen	MDG
Monica Tjønna	Sp
Øyvind Røen	Sp

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>Parti:</b>	<b>I staden møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Harald Boge	Ap	Alfred Trengereid	Ap
Karl Bård Kollbotn	Frp	Håvard Tvedterås	Frp

**Møtenotater:**

Andre som var til stades på møtet:

- Ingebjørg Vamråk, rådmann
- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Pål Strand, rådgjevar
- Bjarte Grønlien, Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS (sak 004/21)

<b>Møteleiar:</b>	Knut Harald Frøland
<b>Møtesekretær:</b>	Jan Erik Boge

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 01.02.2021

---

Knut Harald Frøland  
ordførar

---

Jan Erik Boge  
leiande rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2021	21/73	Faste saker	
002/2021	21/35	Stillingstittel for den administrative toppleiaren i Samnanger kommune	
003/2021	20/418	Budsjett 2021 - presisering av innhald i budsjettvedtak av 3. desember 2020	
004/2021	21/15	Varsel om søksmål	Ikkje offentleg

## SAKNR. 001/2021: Faste saker

### 28.01.2021 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

### Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Godkjent utan merknader.

### Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte

Ingen merknader.

### Orienteringssaker frå ordføraren

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om følgjande saker:

- Pilotprosjekt med innsamling av matavfall i Samnanger
- Vidareføring av interkommunalt kols- og diabetesteam
- Moglegheitsstudie for Bjørkheimsområdet
- Forprosjekt Fossen bratte
- Svar frå fylkestannlegen på søknad om reetablering av offentleg tannhelseteneste i Samnanger

### Orienteringssaker frå rådmannen

Rådmann Ingebjørg Vamråk orienterte om følgjande saker:

- Tilsetjing av leiar for barnevernet
- Tilsetjing av NAV-leiar
- Stillingstittel og tilsetjingsprosess sektorleiar helse og omsorg
- Ressurssituasjonen i administrasjonen
- Status sak Krekavegen
- Prosjektgruppe for ombygging av kommunehuset
- Vurdering av alternativ plassering av branngarasje og nytt bygg for teknisk drift
- Status budsjettoppfølging på skulane
- Oppfølging varslings sak ved barneskulen
- Organisering av oppgåver i prosjekt og team
- Ny kommunal heimeside - status for arbeidet
- Implementering av Office 365-pakke
- Planverktøyet Framsikt
- Pilotprosjekt om kontaktsenter
- Status sal av konsesjonskraft

### Utvalet sitt kvarter

#### Svar på forureiingsprøvar frå Grovo på Utskot

Spørsmål frå Øyvind Strømmen (MDG) om status. Administrasjonen kunne ikkje gje svar i møtet.

#### Fjerning av vraket av skipet Standard II i Rolvsvåg

Spørsmål frå Øyvind Strømmen (MDG). Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om status.

#### Kapasiteten på Samnangerheimen

Spørsmål frå Øyvind Strømmen (MDG). Rådmann Ingebjørg Vamråk svarte.

#### Prioriteringsliste for brøyting av kommunale vegar

Spørsmål frå Monica Tjønnå (Sp).

### Status for arbeidet med kommunal planstrategi

Spørsmål frå Odd Arne Haga (Frp). Rådmann Ingebjørg Vamråk svarte.

### VA-arbeid på Ytre-Tysse

Spørsmål frå Linda Haug Kollbotn (Frp). Ordfører Knut Harald Frøland (BI) orienterte om status.

### Administrativt organisasjonskart

Ønske frå Linda Haug Kollbotn (Frp) om administrativt organisasjonskart med informasjon om leiarar og ansvarsområde.

### Dagsturhytta

Informasjon frå Solveig Vassenden (BI) om planlagte kvilebenkar på vegen ut til dagsturhytta.

### Spørsmål om e-post frå rådmannen til kommunestyret

Spørsmål frå Øyvind Røen (Sp) om e-post frå rådmannen sendt 26.01.2021. Rådmann Ingebjørg Vamråk informerte om bakgrunnen for at e-posten vart sendt ut.

### Gjennomføring av siste del av folkevaldopplæringa

Spørsmål frå Jon Magne Bøgevik (Ap). Ordfører Knut Harald Frøland (BI) svarte.

### **KS- 001/2021 Vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Orienteringssaker/referatsaker vert tekne til orientering.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Orienteringssaker/referatsaker vert tekne til orientering.

## **SAKNR. 002/2021: Stillingstittel for den administrative toppleiaren i Samnanger kommune**

### **28.01.2021 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

I røystinga i saka vart dei to alternativa til stillingstittel som gjekk fram av saksutgreiinga (rådmann og kommunedirektør) sett opp mot kvarandre. 19 røysta for rådmann og 2 for kommunedirektør.

<b>Rådmann</b>	<b>Kommunedirektør</b>
Knut Harald Frøland (BI)	Ove Totland (BI)
Lena Tveit (BI)	Martin Haugen (BI)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (BI)	
Knut Loneland Høibraaten (BI)	
Øyvind Steinsland (BI)	
Solveig Vassenden (BI)	
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Håvard Tvedterås (Frp)	

Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	
Gunn Østvik Petersen (Ap)	
Jon Magne Bogevik (Ap)	
Alfred Trengereid (Ap)	
Monica Tjønnå (Sp)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Arild Røen (H)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Oskar Røen (MDG)	

**KS- 002/2021 Vedtak:**

Stillingstittelen for den administrative toppleiaren i Samnanger kommune skal vera rådmann.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

**SAKNR. 003/2021: Budsjett 2021 - presisering av innhald i budsjettvedtak av 3. desember 2020**

**28.01.2021 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KS- 003/2021 Vedtak:**

Kommunestyret presiserer at det kan nyttast inntil 1 mnok ekstra ved skulane i budsjettåret 2021, dersom dette er naudsynt for å få til ein god prosess og ein mjukare overgang. For budsjettåra 2022-2024 legg ein til grunn at innsparingane er gjennomførte i tråd med vedteken økonomiplan.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret presiserer at det kan nyttast inntil 1 mnok ekstra ved skulane i budsjettåret 2021, dersom dette er naudsynt for å få til ein god prosess og ein mjukare overgang. For budsjettåra 2022-2024 legg ein til grunn at innsparingane er gjennomførte i tråd med vedteken økonomiplan.

**SAKNR. 004/2021: Varsel om søksmål**

**28.01.2021 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland foreslo at møtet vart lukka under handsaminga, med heimel i kommunelova § 11-5 andre ledd, jf. forvaltningslova § 13 første ledd nr. 1. Møtet vart lukka medan formannskapet drøfta forslaget. Møtet vart opna igjen før kommunestyret røysta over forslaget. Det vart samrøystes vedteke å lukka møtet under handsaminga av saka.

Innleiingsvis orienterte advokat Bjarte Grønlien om saka. Han svarte òg på spørsmål frå kommunestyret.

Møtet vart opna igjen før røystinga. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KS- 004/2021 Vedtak:**

1. Samnanger kommune tek til etterretning søksmålsvarsel av 21.12.2020 frå advokat Endre Rutledal. Varselet gjeld krav om skadeerstatning.
2. Samnanger kommune forlengjer med dette foreldingsfristen for krav framsett fram til og med 15. juni 2021. Fristforlenginga får verknad frå dato for dette vedtaket, og får ikkje verknad for krav som allereie er forelda. Fristforlenginga inneberer ikkje ei erkjenning av erstatningsansvar. Formålet med fristforlenginga er at partane skal få høve til å gjere naudsynte avklaringar før rettsleg handsaming. Dette vil venteleg medføre ei meir avgrensa og målretta handsaming av dei for saka relevante spørsmål.
3. Spørsmålet om suspensjon av foreldingsfristen blei første gong handsama av Samnanger kommunestyre hausten 2020. Kommunen hadde då nyleg lagt bak seg ein lang periode der barnevernsakene hadde stått sentralt, og der kommunen på eige initiativ hadde gjennomført granskingar og utgreiingar. Barnevernsakene har vore krevjande for heile samfunnet, og det var på dette tidspunkt ikkje ynskjeleg å suspendere foreldingsfrist før ein var viss på konsekvensane av ei forlenging av foreldingsfristen.
4. Samnanger kommune har tidlegare vedteke å gje dei berørte partane ein pengesum kvar. Dette var tufta på det synspunkt at rapporten frå Barneadvokatene DA viste at Samnanger kommune si barnevernteneste hadde gjort feil, og at det ut frå eit rettfersdomsyn var rett å gje eit plaster på såret for desse feila. Når no kommunen blir saksøkt er det ein ny situasjon, som krev at kommunen følgjer dei spelereglane som gjeld når ein blir saksøkt. Samnanger kommune har for dette formål engasjert advokat/partner i Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig, Bjarte Grønlien.
5. Søksmålsvarselet er blant anna tufta på det syn at det var feil å foreta omsorgsovertaking i sakene det varsla søksmålet gjeld. Spørsmålet om omsorgsovertaking vart avgjort i Fylkesnemnda. Fylkesnemnda vedtok omsorgsovertaking. Vedtaket vart seinare stadfesta av domstolane. Samnanger kommune meiner difor at det er staten, og ikkje Samnanger kommune, som er ansvarleg for eit eventuelt erstatningskrav. Om det føreligg grunnlag for å halde kommunen erstatningsrettsleg ansvarleg, tek ikkje Samnanger kommune stilling til, då kommunen legg til grunn at dette er hovudspørsmålet som skal handsamast i rettsapparatet som følgje av det varsla søksmålet.
6. Det er viktig å understreke at Samnanger kommune har til hensikt å gjere opp for seg, dersom dei feila Samnanger kommune har gjort inneber eit erstatningsansvar for kommunen. Samnanger kommune vil likevel undersøkje mogelegheitene for å trekkje inn staten for å ta sin del av det eventuelle erstatningsrettslege og moralske ansvaret, jf. punkt 5.
7. Samnanger kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å ta dei løpande avgjerder i saka, herunder fullmakt til eventuell vidare forlenging av foreldelsesfristen. Rådmannen held ordføraren løpande orientert, og ordføraren kallar inn til ekstraordinært kommunestyremøte dersom det skjer noko som tilseier politisk handsaming.

#### **1. Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Samnanger kommune tek til etterretning søksmålsvarsel av 21.12.2020 frå advokat Endre Rutledal. Varselet gjeld krav om skadeerstatning.
2. Samnanger kommune forlengjer med dette foreldingsfristen for krav framsett fram til og med 15. juni 2021. Fristforlenginga får verknad frå dato for dette vedtaket, og får ikkje verknad for krav som allereie er forelda. Fristforlenginga inneberer ikkje ei erkjenning av erstatningsansvar. Formålet med fristforlenginga er at partane skal få høve til å gjere naudsynte avklaringar før rettsleg handsaming. Dette vil venteleg medføre ei meir avgrensa og målretta handsaming av dei for saka relevante spørsmål.
3. Spørsmålet om suspensjon av foreldingsfristen blei første gong handsama av Samnanger kommunestyre hausten 2020. Kommunen hadde då nyleg lagt bak seg ein lang periode der barnevernsakene hadde stått sentralt, og der kommunen på eige initiativ hadde gjennomført granskingar og utgreiingar. Barnevernsakene har vore krevjande for heile

samfunnet, og det var på dette tidspunkt ikkje ynskjeleg å suspendere foreldingsfrist før ein var viss på konsekvensane av ei forlenging av foreldingsfristen.

4. Samnanger kommune har tidlegare vedteke å gje dei berørte partane ein pengesum kvar. Dette var tufta på det synspunkt at rapporten frå Barneadvokatene DA viste at Samnanger kommune si barnevernteneste hadde gjort feil, og at det ut frå eit rettferdsomsyn var rett å gje eit plaster på såret for desse feila. Når no kommunen blir saksøkt er det ein ny situasjon, som krev at kommunen følgjer dei spelereglane som gjeld når ein blir saksøkt. Samnanger kommune har for dette formål engasjert advokat/partner i Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig, Bjarthe Grønlien.
5. Søksmålsvarselet er blant anna tufta på det syn at det var feil å foreta omsorgsovertaking i sakene det varsla søksmålet gjeld. Spørsmålet om omsorgsovertaking vart avgjort i Fylkesnemnda. Fylkesnemnda vedtok omsorgsovertaking. Vedtaket vart seinare stadfesta av domstolane. Samnanger kommune meiner difor at det er staten, og ikkje Samnanger kommune, som er ansvarleg for eit eventuelt erstatningskrav. Om det føreligg grunnlag for å halde kommunen erstatningsrettsleg ansvarleg, tek ikkje Samnanger kommune stilling til, då kommunen legg til grunn at dette er hovudspørsmålet som skal handsamast i rettsapparatet som følgje av det varsla søksmålet.
6. Det er viktig å understreke at Samnanger kommune har til hensikt å gjere opp for seg, dersom dei feila Samnanger kommune har gjort inneber eit erstatningsansvar for kommunen. Samnanger kommune vil likevel undersøkje mogelegheitene for å trekkje inn staten for å ta sin del av det eventuelle erstatningsrettslege og moralske ansvaret, jf. punkt 5.
7. Samnanger kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å ta dei løpande avgjerder i saka, herunder fullmakt til eventuell vidare forlenging av foreldelsesfristen. Rådmannen held ordføraren løpande orientert, og ordføraren kallar inn til ekstraordinært kommunestyremøte dersom det skjer noko som tilseier politisk handsaming.